



No tek dei avskil med skulen i Uskedalen: Foran Preben Myklebust med kontaktlærarane Odd Steinar Arnesen og Ranveig Johanne Fjell Helleland sittande til venstre og høgre. Frå venstre bak står Anette Musland, Lene Storevik Myklebust, Maria Legland, Rose Marie Andersen, Synnøve Bringedal, spesialpedagog Brit Hjetland, Hallvard Lomheim Døssland, Joachim Hauge Hølleland og Erlend Olsen Haugland. Magnus Bu var ikkje på festen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Det har vore ein kjekk klasse og det same har foreldra vore!**

**Dette var karakteristikk kontaktlærar Ranveig Johanne Fjell Helleland kom med til uskedalen.no ved slutten av festen for sjuandeklassingane, lærarane deira og foreldra måndag kveld. No tek klassa avskil med skulen.**

Neste stoppestad er ungdomsskulen i Rosendal for desse 10 elevane, som no skal delast på to klassar: Rose Marie Andersen, Synnøve Bringedal, Magnus Bu, Hallvard Lomheim Døssland, Joachim Hølleland Hauge, Erlend Olsen Haugland, Maria Legland, Anette Musland, Lene Storevik Myklebust og Preben Myklebust..

Odd Steinar Arnesen var kontaktlæraren deira dei første fire åra, medan Ranveig har vore det dei siste tre. I alle sju år har Brit Hjetland vore spesialpedagog for Preben.

Å halda ein fest for sjuandeklassen er ingen lang tradisjon i Uskedalen, men no er den i ferd med å festa seg. Eit godt samarbeid mellom foreldre og lærarar syter for det.

Eit fast innslag er at foreldra til sjetteklassingane lagar og serverer middag.

Kontaktlærar Ranveig hadde ein prolog å by på og både ho og rektor Vidar Haugland var rause med gode ord om klassen. Elevane framførte sketsjar og dei var heilt utan brodd mot lærarane! Og så song dei for Preben.

Sjuandeklassefesten er ein av ein serie arrangement som er med og skapar og styrkjer det gode miljøet ved skulen i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen